



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 04.06.2014

Sak nr.: 13/7024-5

Internt l.nr.: 17711/14

Sak: 65/14

Tittel: Evaluering av ordninga: Elev- og lærlingombod

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Mobbesaker skal vere ei av oppgåvene til elev- og lærlingombodet. Dette vert innarbeidd i reglementet for ombodet slik: Fyrste avsnittet i §1 får fylgjande tillegg:
«Ombodet skal også arbeide med mobbesaker».
2. Fylkestinget tek saka elles til orientering.

Endringsframlegg:

Fylkesutvalet sette fram slike framlegg til nye punkt i tilrådinga frå fylkesrådmannen:

1. Mobbesaker skal vere ei av oppgåvene til elev- og lærlingombodet. Dette vert innarbeidd i reglementet for ombodet.
5. Fylkestinget tek saka elles til orientering.

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til vedtak som nye punkt 2, 3 og 4:

2. Namnet på Elev- og lærlingombodet vert endra til Elev-, lærling- og mobbe-ombod.
3. Første avsnitt i §1 i reglementet for ombodet får slikt tillegg:
Ombodet skal arbeide proaktivt for å førebygge og tilby kompetanse og hjelp i aktuelle mobbesaker.
4. Fylkeskommunen må syte for at det vert tilført kompetanse som samsvarar med nytt føremål for ombodet.

Avrøysting:

Framlegget frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Noralv Distad, Frank Willy Djuvik, Marit Barsnes Krogsæter og Trude Brosvik røysta for punkt 2 i framlegget frå Kristeleg Folkeparti. Jenny Følling, Anders Ryssdal og Karen Marie Hjelmeseter røysta mot.

Punkt 3 og 4 i framlegget frå Kristeleg Folkeparti vart samrøystes vedteke.

Punkt 1 i tilrådinga frå fylkesrådmannen kom ikkje opp til avrøysting.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Mobbesaker skal vere ei av oppgåvene til elev- og lærlingombodet. Dette vert innarbeidd i reglementet for ombodet.
2. Namnet på Elev- og lærlingombodet vert endra til Elev-, lærling- og mobbe-ombod.
3. Første avsnitt i §1 i reglementet for ombodet får slikt tillegg:
Ombodet skal arbeide proaktivt for å førebygge og tilby kompetanse og hjelp i aktuelle mobbesaker.
4. Fylkeskommunen må syte for at det vert tilført kompetanse som samsvarar med nytt føremål for ombodet.
5. Fylkeetinget tek saka elles til orientering.